

Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/3702-11

Fylkeskommunalt ENØK-fond - støttemidlar for 2017

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Følgjande får støtte frå fylkeskommunalt ENØK-fond i 2017:

1. Jølster kommune får inntil kr. 117 000.
2. Hornindal kommune/Hornindal omsorgssenter får inntil kr. 94 400.
3. SFFK, Eid, Måløy og Stryn VGS får ikkje tildelt midlar.
4. Naturvernforbundet får inntil kr. 60 000.
5. Gaular kommune får inntil kr. 50 000.
6. Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd får inntil kr. 13 000.
7. Luster kommune/Gaupne idrettshall får inntil kr. 290 100.
8. Luster kommune/Friskuset Gaupne får inntil kr. 250 000.
9. Fjordvarme AS får inntil kr. 50 000.
10. Energikompetansesenteret får inntil kr. 100 000.

Tiltaka som får støtte skal vere realiserte innan 15.12.2018 og sluttrapport skal vere sendt til fylkeskommunen innan 31.12.2018.

Vedlegg:

- Utlysingsbrev av 03.04.2017 (esa 17/3702-1)
- Vedtekter for Enøk-fondet
- Tilskotssatsar for Enøk-fondet

Andre relevante dokument i saka:

1. Søknad frå Jølster kommune, 20.03.2017 (esa 17/3412-1)
2. Søknad frå Hornindal kommune, 29.03.2017 (esa 17/3412-2)
3. Søknad frå SFFK, Eid, Måløy og Stryn VGS, 31.03.2017 (esa 17/3412-3)
4. Søknad frå Naturvernforbundet, 01.04.2017 (esa 17/3412-4)
5. Søknad frå Gaular kommune, 20.04.2017 (esa 17/3702-6)
6. Søknad frå Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd, 27.04.2017 (esa 17/3702-7)
7. Søknad frå Luster kommune – Gaupne idrettshall, 18.05.2017 (esa 17/3702-8)
8. Søknad frå Luster kommune – Friskuset Gaupne, 09.05.2017 (esa 17/3702-9)
9. Søknad frå Fjordvarme AS, 18.05.2017 (esa 17/3702-10)
10. Søknad frå Energikompetansesenteret, 19.05.2017 (esa 17/3702-12)

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkeskommunen oppretta i 2003 eit Enøk-fond med ein grunnkapital på 10 mill. kr. FU er fondsstyre og forvaltninga skal skje i tråd med gjeldande vedtekter. Maksimal årleg tildeling har vore 2 mill. kr. Fondsmidlane har vorte lyst ut årleg.

Tilskotsordninga vart evaluert i møte i FU 23.05.12, sak 61/12, og ein vedtok då at fylkeskommunen sin vidare innsats innafor området skulle integrerast i arbeidet med å følgje opp klima- og miljøplanen. I handlingsprogram 2014-16 vart det sagt at tildeling frå ENØK-fondet skal halde fram til fondet er tomt. I gjeldande handlingsprogram, 2016-17, står det at Enøk-fondet skal vidareførast i 2016, og at midlane skal lysast ut i tråd med vedtektene til fondet. Det står pr. no att vel 1 million kr som er disponible for tilsegn i 2017. Støtteordninga vart i år utlyst tidleg i april med søknadsfrist 19.05.2017.

Tildeling i tråd med innstillinga i saka vil føre til at fondet vert tømt.

Tabellen under viser kven som har søkt, total kostnad på prosjekta, beløp det er søkt om og fylkesrådmannen si tilråding om tildeling.

| | Søklar | Totalkostnad | Søker om | Tilråding maks |
|----|---|---------------------|-----------------|-----------------------|
| 1 | Jølster kommune | 2 460 000 | 307 000 | 117 000 |
| 2 | Hornindal kommune | 1 557 000 | | 94 400 |
| 3 | SFFK, Eid, Måløy og Stryn VGS | 650 000 | 325 000 | 0 |
| 4 | Naturvernforbundet | 288 000 | 288 000 | 60 000 |
| 5 | Gaular kommune | 441 550 | 136 000 | 50 000 |
| 6 | Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd | 270 000 | 41 000 | 13 000 |
| 7 | Luster kommune – Gaupne idrettshall | 5 432 000 | | 290 100 |
| 8 | Luster kommune – Friskhuset Gaupne | 5 245 900 | | 250 000 |
| 9 | Fjordvarme AS | 200 000 | 100 000 | 50 000 |
| 10 | Energikompetansesenteret | 950 000 | 475 000 | 100 000 |
| | SUM | 15 508 150 | | 1 024 500 |

Frist for realisering av tiltaka er 15.12.2018 og for sluttrapport 31.12.2018. Ubrukte tilskot vert strokne ved årsskiftet 2018/2019.

2. Bakgrunn

Disponible midlar i fondet for tildeling i 2017 er vel 1 mill. kr. Innkomne søknader har ein totalkostnad på 15,5 mill. kr. Ikkje alle søknadane har sett opp eigen søknadssum. Tildelinga til tiltak på bygg har skjedd på bakgrunn av eit skjema med tilskotssatsar for ulike konkrete typar tiltak. Tilskotssatsane varierer frå 5 – 50 % av verkeleg kostnad, for dei aller fleste er satsen 20 %. For Enøk-analyser er det mogleg å få tildelt inntil 50% av kostnaden, for byte av vindauge og dører har det ved tildeling dei siste åra vore praktisert tildeling av 5% av kostnad. For tildeling av bygningsmessige tiltak har vi i år lagt til grunn ein støtteprosent på 10% av kostnad. Der dei sjølve har sett opp ein konkret søknadssum for kvart av enkelttiltaka, har vi tildelt etter denne.

For søknader om opplæring, haldningsskapande arbeid og informasjon har vi tildelt 100% på dei deltiltaka som er tilrådde.

Tiltak som kan støttast er enøk-analyser, enøk-investeringar i bygningar og driftsanlegg, opplæring av nøkkelpersonell, samt haldningsskapande arbeid/informasjon retta mot innbyggjarane i fylket. Med unntak for haldningsskapande arbeid mv er støtteordninga berre tilgjengeleg innfor kommunalt og fylkeskommunalt verkeområde. Kommunane får refundert meirverdiavgift. Når støtte vert rekna i prosent av tiltakskostnad, er grunnlaget for berekning difor kostnader ekskl. meirverdiavgift.

Disponible midlar i fondet er no nede på vel 1 mill. kr. Samla omsøkt totalkostnad er 15 mill. kr. Vi har vald ein tildelingsmodell der vi prøver å gje dei fleste søkjarane noko i støtte. Mange av prosjekta er sett saman av konkrete og frittstående enkelttiltak og vi har valt ut prosjekt som vi trur kan gjennomførast frittstående, sjølv om søkjar ikkje får oppfylt søknaden sin fullt ut.

Fleire av søknadene om støtte til haldningsskapande arbeid har hovudfokus på klimaspørsmål. Enøk-arbeid vil vere ein del av dette, og aktuelle prosjekt og tiltak vil dessutan vere relevante når det gjeld fylkeskommunen sitt arbeid på klima- og miljøområdet.

3. Vurdering og tilråding for kvar einskild søknad

Enkelttiltaka vi gjev tilråding på er med feit skrift:

3.1 Jølster kommune

| Tiltak | Omtale | Totalkostnad eks. mva. kr | Energisparing (kWh/år) | Søker om | Tilråding maks |
|------------|--|------------------------------|---------------------------|----------------|-------------------|
| 1 | Opplæring av driftspersonell | 50 000 | 50 000 | 10 000 | 10 000 |
| 2 | Energioppfølgingssystem | 35 000 | | 7000 | 7000 |
| 3 | Bygningsmessige tiltak, skifte vindauge og dører | 775 000 | 35 000 | 50 000 | 50 000 |
| 4 | Tiltak varmeanlegg | 100 000 | 20 000 | 20 000 | 20 000 |
| 5 | Aut. styring lys omsorgssenteret | 350 000 | 20 000 | 70 000 | 70 000 |
| 6 | Automatisk styring av gatelys | 300 000 | 20 000 | 60 000 | 60 000 |
| 7 | Tiltak på beredersystemet | 50 000 | 5000 | 10 000 | 10 000 |
| 8 | Tiltak på sentralt driftskontrollanlegg | 800 000 | 50 000 | 80 000 | 80 000 |
| SUM | | 2 460 000 | 200 000 | 307 000 | 117 000 |

Vurdering

Jølster kommune har sett seg eit mål om å redusere energibruken i kommunen generelt og auke bruken av fornybare energikjelder. Resultatmålet er:

- Alle nye næringsbygg skal vurdere energifleksibilitet og alt. løysingar for varme og kjøling.
- Jølster kommune skal redusere energibruk per m² i egne bygg med minst 15%.
- Jølster kommune skal auke «energifleksibelt areal» i egne bygg med minst 20%

For tildeling har vi lagt til grunn tiltak nr. 1, 2, 4, 5 og 7. Tiltaka gjev god energisparing.

Tilråding

Jølster kommune får tildelt inntil kroner 117 000 frå Enøk-fondet for 2017. Midlane kan nyttast også til dei andre tiltaka i prosjektet dersom det viser seg føremålstenleg.

3.2 Hornindal kommune/Hornindal omsorgssenter

| Tiltak | Omtale | Totalkostnad eks. mva. kr | Energisparing (kWh/år) | Søker om | Tilråding maks |
|------------|--|------------------------------|---------------------------|-------------|-------------------|
| 1 | Etterisolering av tak mot kaldt loft | 308 000 | 18 000 | | 30 800 |
| 2 | Utskifting av vindauge og dører | 944 000 | 22 000 | | 94 400 |
| 3 | Vassboren varme og varmebatteri | 305 000 | 14 800 | | 30 500 |
| SUM | | 1 557 000 | 64 800 | | 94 400 |

Vurdering

Hornindal omsorgssenter vart teke i bruk i 1981 og består av 24 pasientrom. Omsorgssenteret vart påbygd tidleg på 2000-talet. Det har blitt gjennomført ei samanlikning av energibehovet for bygget før og etter aktuelle tiltak. For tildeling har vi lagt til grunn tiltak nr. 2. Dette tiltaket har høg investeringskostnad i forhold til sjølve energisparinga. Men det vil samstundes gje mindre kaldras og auka termisk komfort for bebuarar.

Tilråding

Hornindal kommune får tildelt inntil kroner 94 400 frå Enøk-fondet for 2017. Midlane kan nyttast også til dei andre tiltaka i prosjektet dersom det viser seg føremålstenleg.

3.3 Eid, Måløy og Stryn vidaregåande skular

| Tiltak | Omtale | Totalkostnad | Energisparing (kWh/år) | Søker om | Tilråding maks |
|------------|---------------------------------------|--------------|------------------------|----------|----------------|
| 1 | Administrasjon og oppfølging | | | | |
| 2 | Fagdagar | | | | |
| 3 | Studietur | | | | |
| 4 | Utvikling av undervisningsmodell | | | | |
| 5 | Utvikling av formidlingsplan | | | | |
| 6 | Utarbeiding av plan for hovudprosjekt | | | | |
| 7 | Avslutning | | | | |
| SUM | | | | 325 000 | 0 |

Vurdering

Mål for prosjektet er i følgje søknaden punkt 2:

«Det *overordna målet* vi har med denne prosjektideen er å medverke til:

- *Våre lærekrefter skal kunne formidle til våre elevar, lærlingar og til handverkarar som vil ha ekstra kurs oppdatert kunnskap om framtidens bygg. Dette inneber at den einskilde faglærar òg må ha ei breiare forståing for dei andre involverte byggfaga i ein byggeprosess, både ved renovering av eksisterande bygg og nybygg. Gjerne og ved implementering av BIM som blir brukt gjerne i store ingeniør- og arkitektcluster.*
- *Realisere nokre gode demo-prosjekt nær kvar av dei tre skulane i samarbeid med aktuelle bedrifter i heile regionen.*
- *Formidle ut til publikum generelt kva det inneber å byggje miljøvenleg gjennom å kunne vise gode eksempel.»*

Vi vurderer innhaldet i prosjektet til å vere innanfor det som kan støttast, dvs. opplæring av nøkkelpersonell og haldningsskapande arbeid/informasjon retta mot innbyggjarane i fylket. Men vi vurderer det til at vidaregåande skular fell utanfor det å få midlar til haldningsskapande enøk-arbeid, jf. vedtektene 1) Føremål, tredje avsnitt:

«Fondet skal gje støtte til tiltak innan Sogn og Fjordane og til tiltak innan fylkeskommunalt/kommunalt verkeområde, samt til verksemder/lag/organisasjonar som driv haldningsskapande enøkarbeid.»

Vi oppfatar dette avsnittet til at midlar til haldningsskapande arbeid skal gå til private verksemder, lag og organisasjonar.

Tilråding:

Eid, Måløy og Stryn vidaregåande skular får ikkje tilsegn på midlar frå Enøk-fondet 2017.

3.4 Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

| Tiltak | Omtale | Totalkostnad | Energisparing (kWh/år) | Søker om | Tilråding maks |
|----------|--|---------------|------------------------|----------|----------------|
| 1 | Verktøyet Oljefri.no (lønn) | 60 000 | | | 60 000 |
| 2 | Informasjonskampanje (lønn, lansering, arrangement, annonsering, trykksaker) | 110 000 | | | 110 000 |
| 3 | Planlegging, evaluering og rapportering | 118 000 | | | 118 000 |

| | | | | | |
|-----|---|---------|--|---------|---------------|
| | (reisekostnader, administrasjonskostnader (5%)) | | | | |
| SUM | | 288 000 | | 288 000 | 60 000 |

Vurdering

Naturvernforbundet vil halde fram med «Oljefri» i samarbeid med lokale ressurspersonar og får også støtte frå Naturvernforbundet sentralt. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane vil vere ein pådrivar for at det vert laga klimaplanar og hjelpe kommunane i arbeidet med å fase ut oljefyring innan det føreslegne forbodet mot oljefyring i 2020. Målet er å motivere og hjelpe innbyggjarane i Sogn og Fjordane til å bli oljefri på ein enkel og trygg måte gjennom informasjon, rettleiing og kartlegging av seriøse aktørar i marknaden.

Tiltaket har fokus på klimaspørsmål og er relevant for fylkeskommunen sitt arbeid på området. Med bakgrunn i avgrensa midlar for tildeling støttar vi for 2017 berre tiltak 1. Verktøyet Oljefri.no er alt i drift og fungerer som ein god kunnskapsportal ut mot publikum.

Tilråding

Naturvernforbundet får tildelt inntil kroner 60 000 frå Enøk-fondet for 2017. Midlane kan nyttast også til dei andre tiltaka i prosjektet dersom det viser seg føremålstenleg.

3.5 Gaular kommune

| Tiltak | Omtale | Totalkostnad | Energisparing (kWh/år) | Søker om | Tilråding maks |
|------------|--|----------------|------------------------|---------------|----------------|
| 1 | a. Bygstad barnehage. Varmepumpe. | 23 000 | 35 496 | 23 000 | 23 000 |
| | b. Bygstad barnehage. SD-anlegg, DV-instruks / opplegg | 318 550 | | 63 000 | 63 000 |
| 2 | Enøk-analyse for Sande skule | 100 000 | | 50 000 | 50 000 |
| SUM | | 441 550 | | 136 000 | 50 000 |

Vurdering

Sande skule omfattar symjebasseng, fleirbrukshall og garderobe. Gjennom eige prosjekt for fleirbrukshallen har delar ventilasjons- og varmeanlegg vorte oppgradert. Likevel er hovuddelen av skulebygninga av eldre standard og heile bygningsmassen vert i dag oppvarma med straum. Kommunen ønskjer å gjennomføre ein analyse for å finne fram til dei rette tiltaka for å redusere straumforbruket og effektivisere drifta. Vi meiner ei enøk-analyse er fornuftig og vil gje kunnskap om vidare kva tiltak som vil gje mest effekt for energibruken på Sande skule. Vi vil difor prioritere tiltak 2, Enøk-analyse for Sande skule.

Tilråding

Gaular kommune får tildelt inntil kroner 50 000 frå Enøk-fondet for 2017. Midlane kan nyttast også til dei andre tiltaka i prosjektet dersom det viser seg føremålstenleg.

3.6 Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd (kyrkjer)

| Tiltak | Omtale | Totalkostnad eks. mva. kr | Energisparing (kr./år) | Søker om | Tilråding maks |
|----------|--|---------------------------|------------------------|---------------|----------------|
| 1 | Tetting av bygningsmessige utettheiter ved vindauge og dører - Fjærland | 40 000 | 2000 | 8000 | 8000 |
| 2 | Oppgradering til meir energieffektiv fasadebelysning Fjærland og Stedje | 100 000 | 4000 | 20 000 | 20 000 |
| 3 | Varmestyringssystem for bruks-tilpassa drift og meir aktiv oppfølging | 130 000 | 5000 | 13 000 | 13 000 |
| SUM | | 270 000 | | 41 000 | 13 000 |

Vurdering / tilråding.

For tildeling har vi lagt til grunn tiltak nr. 3. Tiltaket gjev god energisparing i høve investeringa. Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd får tildelt inntil kroner 13 000 frå Enøk-fondet for

2017. Midlane kan nyttast også til dei andre tiltaka i prosjektet dersom det viser seg føremålstenleg.

3.7 Luster kommune – Gaupne idrettshall

| Tiltak | Omtale | Totalkostnad eks. mva. kr | Energisparing (kWh/år) | Søker om | Tilråding maks |
|----------|--|------------------------------|---------------------------|-------------|-------------------|
| 1 | Etterisolering yttertak 1350m². Inkl. kuldebru rundt bygget tak/vegg | 2 901 000 | | | 290 100 |
| 2 | Luft - luft varmepumpe montert i gang. | 26 000 | | | 2600 |
| 3 | Nytt lysanlegg/styringar og LED-lampar | 890 000 | | | 89 000 |
| 4 | Utskifting dører og vindauger | 470 000 | | | 47 000 |
| 5 | SD - anlegg ventilasjon | 35 000 | | | 3500 |
| 6 | Behovstyring /urstyring. Ventilasjon | 35 000 | | | 3500 |
| 7 | Opplæring av personell | 20 000 | | | 2000 |
| 8 | Utskifting ventilasjonsanlegg | 905 000 | | | 90 500 |
| 9 | Vannsparande armatur / beredarsystem | 150 000 | | | 15 000 |
| SUM | | 5 432 000 | | | 290 100 |

Vurdering og tilråding:

Vi har valt å støtte det største av tiltaka i søknaden, tiltak 1. Erfaringstal viser at etterisolering av tak mot kaldt loft gjev høg energivinst i høve investeringskostnad. Luster kommune får tildelt inntil kr. 290 100 til tiltak på Gaupne idrettshall. Midlane kan nyttast også til dei andre tiltaka i prosjektet dersom det viser seg føremålstenleg.

3.8 Luster kommune – Friskhuset Gaupne

| Tiltak | Omtale | Totalkostnad eks. mva. kr | Energisparing (kWh/år) | Søker om | Tilråding maks |
|----------|--|------------------------------|---------------------------|-------------|-------------------|
| 1 | Isolering av yttertak innvendig | 600 000 | | | 60 000 |
| 2 | Isolering av yttervegg | 290 000 | | | 29 000 |
| 3 | Isolering av golv | 250 000 | | | 25 000 |
| 4 | Utskifting av vindauge | 580 000 | | | 58 000 |
| 5 | Utskifting av dører | 100 000 | | | 10000 |
| 6 | Tak vindauger | 380 900 | | | 38 090 |
| 7 | Eliminering kuldebru | 90 000 | | | 9000 |
| 8 | Utskifting av ventilasjonsanlegg inkl varmepumpe luft - væske | 2 500 000 | | | 250 000 |
| 9 | Vannsparande armatur inkl. nytt beredarsystem | 300 000 | | | 30 000 |
| 10 | Opplæring av personell | 20 000 | | | 2000 |
| 11 | SD - anlegg ventilasjon | 100 000 | | | 10 000 |
| 12 | Behovsstyrt / urstyrt ventilasjon | 35 000 | | | 3500 |
| SUM | | 5 245 900 | | | 250 000 |

Vurdering / tilråding:

Vi har vald å støtte det største av tiltaka i søknaden, tiltak 1. Dei aktuelle bygga er frå 1979 og 1980. Vi ser på utskifting av ventilasjonsanlegg som også eit godt tiltak i høve innemiljø, og får ein meirverdi også utover energisparing. Luster kommune får tildelt inntil kr 250 000 til tiltak på Friskhuset i Gaupne. Midlane kan nyttast også til dei andre tiltaka i prosjektet dersom det viser seg føremålstenleg.

3.9 Fjordvarme AS

| Tiltak | Omtale | Totalkostnad eks. mva. kr | Energisparing (kWh/år) | Søker om | Tilråding maks |
|--------|--|------------------------------|---------------------------|-------------|-------------------|
| 1 | Haldningsskapande arbeid og informasjon | 150 000 | | | 150 000 |

| | | | | | |
|-----|---|---------|--|---------|--------|
| 2 | Delta i seminar og andre møteplassar | 20 000 | | | 20 000 |
| 3 | Utarbeiding av informasjon for kommunane, besøk og møte med kommunane | 20 000 | | | 20 000 |
| 4 | Reisekostnader | 10 000 | | | 10 000 |
| SUM | | 200 000 | | 100 000 | 50 000 |

Vurdering / tilråding:

Vi har vald å støtte tiltak 2, 3 og 4. Då får Fjordvarme halde fram det gode arbeidet retta direkte mot kommunane og andre organisasjonar. Midlane kan nyttast også til dei andre tiltaka i prosjektet dersom det viser seg føremålstenleg.

3.10 Energikompetansesenteret

| Tiltak | Omtale | Totalkostnad eks. mva. kr | Energisparing (kWh/år) | Søker om | Tilråding maks |
|--------|---|---------------------------|------------------------|----------|----------------|
| 1 | Haldningsskapande arbeid | 200 000 | | | 200 000 |
| 2 | Solenergianlegg i Sogn og Fjordane | | | | |
| 2.1 | <ul style="list-style-type: none"> Offentleggjere grunnlagsdata | 100 000 | | | 100 000 |
| 2.2 | <ul style="list-style-type: none"> Rådgjeving om solfangaranlegg | 150 000 | | | 150 000 |
| 2.3 | <ul style="list-style-type: none"> Rådgjeving om solcelleanlegg | 200 000 | | | 200 000 |
| 2.4 | <ul style="list-style-type: none"> Testanlegg for solenergi | 300 000 | | | |
| SUM | | 950 000 | | 475 000 | 100 000 |

Vurdering:

I søknaden for 2016 står det mellom anna:

«2. PROSJEKTINNHOLD

Søknaden til Enøkfondet omfattar dei aktivitetane som EKS skal gjennomføre for å formidle tverrfagleg kompetanse, haldningsskapande arbeid og påverknad for energieffektive og miljøvenlege løysingar for å nå måla som er satt for å redusere klimaavtrykket. Konkrete aktivitetar er:

Formidling av tverrfaglig kompetanse til offentlege og private byggherrar og leverandørar/entreprenørar.

Dette er det grunnleggjande fokuset for EKS sitt virke. For å operasjonalisere dette i prosjektform så vil vi gjere følgjande initiativ som er av generell karakter (ikkje spesifikk knytt til konkrete prosjekt):

- Følgje opp "Varden-forslaget" å nå breidt ut til alle kommunane i fylket. EKS vil aktivt vere ein pådrivar som rettar seg inn mot politisk og administrativ toppleiing i kommunane. Dette er såleis eit tiltak der EKS oppsøker målgruppa, og gir eit tilbod der toppleiarar får ei bratt lærecurve.

Bistå lærarar, elevar og lærlingar med kompetanse om ny teknologi og velferdsteknologi.

Dette er ein del av det haldningsskapande arbeidet for å setje fokus på mogelegheitene for energieffektivisering gjennom å ta i bruk ny teknologi som til dømes smarthus, og opplæring i velferdsteknologi og mogelegheitene der.

- Oppfølging av planlagde offentlege prosjekt (nybygg og oppgradering) i Sogn og Fjordane. Vi vil kontakte dei offentlege byggherrane for å sjå korleis ein evt kan auke ambisjonsnivået i prosjekta.
- Analysere dei store datamengdene som vi har henta inn i samarbeid med Geofysisk institutt ved Universitetet i Bergen og presentere dei for innbyggjarane i Sogn og Fjordane for å styrkje beslutningsgrunnlaget for investering i solenergianlegg.
- Kartlegge planar om større private byggeprosjekt i fylket som har signaleffekt. Vi vil søkje etter selskap som ser nytte i "grøn profilering" og motivere desse til å auke ambisjonsnivået i nye byggprosjekt.
- Montering av testanlegg for solenergi for å synleggjere gevinstane for innbyggjarane i fylket og vise mangfaldet innanfor solfangarar, BIPV og BAPV.»

Vi vel å prioritere tildeling til tiltak 2.1, arbeidet med å offentliggjere grunnlagsdata. Vi oppfattar det slik at det er kulepunkt to over som skildrar kva ein vil gjere i tiltak 2.1. Vi ser på analyse og offentliggjering av data som ei god investering når vi har avgrensa midlar til tildeling.

Tilråding

Energikompetansesenteret får tildelt inntil kroner 100 000 til tiltak 2.1. Midlane kan nyttast også til dei andre tiltaka i prosjektet dersom det viser seg føremålstenleg.

4. Konklusjon / tilråding

Fylkesrådmannen rår til at det vert tildelt inntil kr. 1 024 500 i støtte frå fylkeskommunen sitt Enøk - fond i 2017 og i tråd med vedtektene og fordelinga som er foreslått i kapittel 3. Frist for realisering av tiltaka er 15.12.18 og frist for sluttrapport er 31.12.2018.